

Nasjonal deleksamen i rettsanvendning for master i barnevern og master i barnevernsfagleg arbeid

NYNORSK

Dato: 9. desember 2025

Eksamenstid: 9:00-14:00

Hjelpemiddel: Lovdata Pro

Oppgi berre kandidatnummer, og ikkje andre identitetsmarkørar, slik som emnekode eller kva institusjon du høyrer til, i svaret på oppgåva.

Amal er 15 år og bur med faren Ibrahim i Lillevik kommune. Ibrahim og Amal kom til Noreg som flyktningar då Amal var 5 år. Mora til Amal døydde då Amal var 4 år.

Amal har slite med motivasjonen til å gå på skulen etter at ho begynte på ungdomsskulen. Problema eskalerte då ho begynte i 9. klasse. Over ein periode på 4 månadar hadde ho udokumentert fråvær fleire dagar i veka. Når ho var på skulen, oppførte ho seg frekt mot både medelevar og lærarane. Det heile toppa seg då ho gjekk laus på ei anna jente i timen. Den andre jenta fekk kloremerke og klaga over ei vond arm i etterkant. Etter samtykke frå Ibrahim sende skulen ei bekymringsmelding, og barnevernstenesta bestemte seg for å starte ei undersøking. Barnevernstenesta vurderte at Amal hadde særleg behov for hjelp som følge av åtferda, og at alle vilkåra for friviljuge hjelpetiltak etter barnevernslova § 3-1 var oppfylte. Ibrahim og Amal samtykka til hjelpetiltak i form av familiebasert rettleiing for å hjelpe å handtere åtferdsproblema til Amal, og tiltaket blei sett i verk.

Amal fekk etter kvart ein god relasjon til kontaktpersonen i barnevernet. I ein oppfølgingssamtale fortalde Amal at ho var redd for å fortelje kvifor ting var så vanskelege fordi ho var usikker på korleis faren ville reagere. Amal og faren hadde kringla mykje om religion og kultur det siste året. Ifølge Amal meinte faren at ho ikkje var religiøs nok. Ho levde ikkje i samsvar med skikkane. Amal sa ho følgde faren si tru, men at hennar praktisering av trua var meir tilpassa den norske kulturen. Ho sa vidare at faren hadde trua med å sende henne til heimlandet for å gå på koranskule dersom ho ikkje skjerpa seg. Ho visste om barn i miljøet rundt faren som hadde blitt sende på koranskule då dei var på den same alderen som Amal. Nokre av jentene hadde fortalt at det var veldig streng disiplin på skulane, og at nokre barn blei utsette for tvangsarbeid og vald. Kontaktpersonen var einig i at det var ein viss risiko i samband med å bli send på koranskule, men meinte det var viktig at dei jobba med relasjonar i familien som del av oppfølginga frå barnevernet. Det Amal stod overfor var ikkje uvanleg blant familiar som har tilhørsrel i andre land og kulturar. Amal blei veldig redd då ho forstod at kontaktpersonen ønska å diskutere det ho hadde fortalt med Ibrahim. Ho trudde dette skulle bli mellom henne og kontaktpersonen. Ho frykta at innsyn ville utsette henne for fare for at Ibrahim kom til å sende henne på koranskule. Kontaktpersonen forklarte at Ibrahim som ein hovudregel har rett til innsyn i dokumenta i saka, og at det berre er eit snevert høve til å gjere unntak etter barnevernslova. Amal påstod det måtte kunne gjerast unntak frå innsyn i ei sak som denne.

Det blei forsøkt med familiebasert rettleiing over ein lengre periode, men tiltaket hadde ikkje ein positiv innverknad på åtferdsvanskane til Amal. Barnevernstenesta forsøkte å gjere fleire endringar i hjelpetiltaka i samråd med Amal og Ibrahim, men det førte ikkje til noko positiv endring. Tvert imot eskalerte den negative åtferda til Amal. Ho var knapt på skulen våren i 9. klasse. Ho unndrog seg omsorga til faren og søkte meir mot eit ungdomsmiljø som var kjent for å gjere skadeverk og for rusmisbruk. Amal blei også tatt for å stele klede i butikkar fleire gongar. Sidan det var snakk om gjentatte gangar, var totalsummen etter kvart blitt ganske høg. Ho hadde også ved eitt tilfelle stole ei dyr merkeveske. Til kontaktpersonen fortalde ho at det handla om at dei hadde dårleg råd heime, og at faren nekta henne å gå i dei kleda som var populære blant andre på hennar alder. Tjuveria hadde vore nødvendige for å få innpass i det nye miljøet. Læraren på skulen fortalde vidare at Amal ikkje hadde nokon positive relasjonar igjen blant dei tidlegare vennane som følge av åtferda.

Barnevernstenesta meinte at vilkåra for eit frivillig opphald på barnevernsinstitusjon no var oppfylte. Dei hadde prøvd mange ulike tiltak utan at dette hadde ein positiv effekt. Amal hadde no begynt i 10. klasse, og både barnevernstenesta og Ibrahim var redde for at ho ikkje skulle klare å fullføre ungdomsskulen viss situasjonen ikkje endra seg til det positive. Amal hadde sjølv

sagt til kontaktpersonen at ho trong å kome seg bort frå faren, og at ho var motivert for å få orden på livet sitt. Ho samtykka til opphald i barnevernsinstitusjon. Barnevernstenesta hadde i tillegg funne plass på ein institusjon som var fagleg og materielt i stand til å dekke Amal sine behov. Ibrahim meinte han var betre rusta til å handtere åtferdsvanskane til Amal, og han ønska ikkje at Amal skulle på institusjon. Det ville ikkje ta seg godt ut blant familie og venner viss det kom ut at han ikkje klarte å handtere si eiga dotter. Ibrahim meinte åtferda til Amal ikkje var alvorleg nok til at det var nødvendig med institusjonsopphald. Barnevernstenesta påstod at vilkåra var oppfylt.

I ein samtale med ein venn fortalde Ibrahim at han sleit med å forstå alt barnevernstenesta sa i møte. Sjølv om han snakka norsk greitt nok, blei det vanskeleg for han å henge med når det blei brukt mykje fagspråk. Vennen, som jobba i eit forvaltningsorgan i ein annan kommune, fortalde at Ibrahim hadde rett til å ha med seg ein fullmektig i møte med barnevernstenesta etter forvaltningslova § 12. Ibrahim sa han ikkje hadde fått noko informasjon om dette. Vennen fortalde då at forvaltningsorgan har ei rettleiingsplikt, og han meinte at det å gi informasjon om moglegheita til å ha med ein fullmektig måtte reknast som omfatta av rettleiingsplikta. Ibrahim ringte kontaktpersonen og spurte om dette. Kontaktpersonen bekrefta at forvaltningsorgan har ei plikt til å vurdere partane sine behov for rettleiing om blant anna kva partane kan ha rett på, men sidan Ibrahim ikkje hadde uttrykt noko behov eller ønske om å ha med nokon i møte så hadde dei heller ikkje gitt noko meir informasjon om høvet til å ha med fullmektig. Ibrahim var einig i at han ikkje hadde nemnt noko om det, men det var jo fordi han ikkje visste om den moglegheita. Hadde han hatt kunnskap om det så hadde han ønska å ha med ein fullmektig. Ibrahim påstod at barnevernstenesta hadde brote rettleiingsplikta si.

Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla som følger av påstandane som er reiste i oppgåva.